Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 | Fylke: Sogn og Fjordane
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leikanger
Emne: Ting til lekjedom og vern | Bygdelag: Fresvik
Oppskr. av: Hans O. Hov | Gard: Hov
(adresse): Fresvik, Sogn | G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Fru Ida Skaar 63 år Fresvik.

A. ringar:

SVAR

1 Ein har brukt ringar på fingrane til vern mot gigt.

2 Ringane kunne vera av kopar og messing smelta saman eller og av berre kopar Ringane var glatte og det var ikkje noko innrissa på innersida.

3 Ein fekk kjenskap til slike ringar frå folk som brukte dei, og det kunne vera ein smed eller ein annan hendig kar som laga dei, dei kunne og gå på lån.

4 Ein kjenner ikkje til serlege elektriske ringar og korleis dei vart gjorde elektriske.

5 Slike ringar av kopartråd brukte ein både om armar og bein og om livet. Det er ikkje kjent, at ein brukte slike ringar samansett av bein

B. armbond:

6 Eit band samansett av koparperler og beinbrikkar har ein ikkje kjenskap til har vore brukt her.

7-8 og ikkje kjenner ein til andre armbond.

N. J. VANGSNES V FRESVIK

10349

C. hengjesmykker:

9 a) Ein bar eit band om halsen for gigt. Bandet var samansett av rundde koparplater og var noko større enn ein gamal sølv-tovkrona; dei var tunne, hadde fire hol (tvo og tvo jamsides) og var samansett med ei stålkjeda og i kvar plata var inngravi ein kross.

D. belter:

10 Breie belte samansett av kopar og sinkplater med filt i mellom kjenner ein til. Dette belte vart lagd i syra (eddik?) og sidan bore på berre kroppen mot gigt og andre sjukdomar.

11 Slike belte kalla ein „gigtbelte".

12 Belti kunne vera „ujamne", soleis at dei var fyldigare på ymse stader

13 Ein kjenner ikkje til, at ein la armband eller annan stas i eddik.

E. øyreringar:

14 Ein har både høyrt og sett, at ein har brukt øyreringar, og det siste var for ca 55 år sidan.

15 Ringane var forma slik, at dei hövde rundt øyra og vart skrudde fast. Desse ringane vart og kalla „øyrespiralar" var av kopar og for å halda dei blanke vart dei pussa med oska og salt i surmjølk. Fyre bruken vart dei lagde i syra

16 Ein hadde ringar i båe øyro

17 Desse ringane var ikkje brukt som

10349
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

pryd, men skulle hjelpa mot öyre-
verk og hovudverk.
19 Dersom kvinner bar dei her nemnde
öyreringar var det av same grunn,
ringar i öyro til pryd var ikkje brukt
heime på bygdene anna enn av „stor-
folk" og omstreifarane d.e. splintane

F forskjellegt:
20 Til å verja seg mot sjukdom og
ulukka serleg i jula bar ein stål
i lumma og dette midlet kalla ein
vergjestål – „vergjestaol".

Fresvik, Sogn i febr. 1955

Hans O. Hov

N. J. VANGSNES FRESVIK

10349

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING